

Solund kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 16.12.2015
Møtestad: Møterom i bankbygget
Møtetid: Kl. 11:00

Innkalling: Faste medlemar og varamedlemer i utvalet, revisor i sak 028/15.

Dersom du ikkje kan møte, meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme. tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
026/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
027/15	Skriv og meldingar 4-2015
028/15	Opplæring av nytt kontrollutval
029/15	Møteplan 2016 for Solund kontrollutval
030/15	Oppfølgingsliste 4-2015
031/15	Eventuelt

Med helsing

Anne Grethe Furrevik
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 16.12.2015	Saksnr 026/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/534
-------------------------------------------------	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Solund kontrollutval	Møtedato 16.12.2015	Saksnr 027/15
-----------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/532
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 4-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	08.12.2015	KOM-044/15 Tertialrapport 2. tertial 2015	15/1883
2	08.12.2015	KOM-048/15 Reglement for Solund kontrollutval med reglement for høyring	15/1885
3	12.11.2015	Melding om politisk vedtak: KOM-053/15 Val av kontrollutval 2015-2019	15/1715

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.



Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Saksnr.	Møtedato	Sakshandsamar
FORMANNSKAP	059/15	22.10.2015	KJEMON
ADMINISTRASJONSUTVAL	004/15	22.10.2015	KJEMON
KOMMUNESTYRE	044/15	29.10.2015	KJEMON

Avgjerd av: Solund kommunestyre	Arkiv: K1-210 Objekt:	Arkivsaknr 15/263
---------------------------------	--------------------------	----------------------

TERTIALRAPPORT 2. TERTIAL 2015

ADMINISTRASJONSSJEFEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2015 vert tatt til vitande.

22.10.2015 ADMINISTRASJONSUTVAL

Votering:

Administrasjonssjefen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

A-004/15 VEDTAK:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2015 vert tatt til vitande.

22.10.2015 FORMANNSKAP

Votering:

Administrasjonsutvalet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR-059/15 VEDTAK:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2015 vert tatt til vitande.

29.10.2015 KOMMUNESTYRE

Det var presentasjon av taldelen i tertialrapporten av administrasjonen.

Votering:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KOM-044/15 VEDTAK:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2015 vert tatt til vitande.

DOKUMENTLISTE:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	23.05.2015	Solund kommunestyre	TERTIALRAPPORT 1. TERTIAL 2015

VEDLEGG I SAKA:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
-----------	----------	-----------------	--------------------------	---------------

AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER M.M.:

Kommunelova m/rekneskapsforskrifter

Sak om Budsjett 2015 / Økonomiplan 2015-2019

Sak om årsrekneskap og årsmelding for år 2014

Sak om budsjettendringar tertial nr. 1 år 2015

Revidert nasjonalbudsjett / Kommuneøkonomiproposisjonen

KS sin prognosemodell

Kommuneopplegget – Fylkesmannen sitt rundskriv

Oversikt over lån, avdrag og renter

Vedlegg i saka Tertialrapport nr 1 år 2015

KVA SAKA GJELD:

Det er i økonomireglementet lagt opp til at det skal presenterast ein rapport over driftsstatus for kvart tertial i driftsåret. Rapporten skal vise noko om status og forventa avvik frå rammer og mål som er fastsett. Den skal også skissere tiltak for å oppnå budsjettbalanse og konsekvensar av dei tiltaka som vert foreslått.

SAKSUTGREIING:

Det har ikkje kome til vesentlege endringar i frie inntektene eller andre eksterne rammeføresetnader, sidan siste rapporteringspunkt.

Likevel kjem det fram at det er grunn til å vurdere årets skatteinngang på nytt, sidan folketalet / samansetnaden har endra seg frå 1/7 førre år.

I den daglege drifta er det dei høge overtidskostnadane ved helse- og omsorg som først og fremst skaper avvik. Ein har klart å unngå bruk av vikarbyrå.

Rapporten gjer framlegg om kor i drifta ein kan finna inndekning for dette avviket.

Det er elles høvesvis få og små avvik knytt til den daglege drifta.

Både Flyktningetenesta og PU-tenesta er i ferd med å ta form og det vert lagt opp til ein del konverteringar av løyvingar til korleis desse tenestene skal driftast frametter.

VURDERING:

Meirutgifter og mindreinntekter som er presentert i denne rapporten er løyst innafor den opphavlege totale fordelinga til drift.

Råmene er svært strame, men med strenge prioriteringar og dersom føresetnadane som er lagt til grunn vert ein realitet, kan det gå mot balanse i drifta ved årsslutt, utan at det skal gå ut over innbyggjarane sitt tenestetilbod.

Dette er positivt med tanke på vidare budsjett- og planprosessar for Solund kommune.

KONKLUSJON:

Tertialrapport nr. 2 for Solund kommune år 2015 vert tatt til vitande.

ETTER ENDELEG VEDTAK UTSKRIFT TIL:



VEDLEGG TIL SAK OM TERTIALRAPPORT NR. 2 ÅR 2015

TERTIALRAPPORT NR. 2 ÅR 2015

Innleiing:

Medio mai kvart år, vert både revidert statsbudsjett og kommuneøkonomiproposisjonen lagt fram og tertialrapport nr. 1 prøver å ta omsyn til dei signal som kjem i denne; - både i høve årets budsjett og for komande planperiode.

Ved framlegging av statsbudsjett primo oktober dette år, vert signal frå mai/juni vanlegvis stadfesta. Samstundes vert neste års ramme presentert i neste års kroneverdi.

I begge desse tunge proposisjonane kjem det fram kva kommunane får å rutte med av frie inntekter inneverande år og for dei 4 komande driftsåra.

Det skal til ei kvar tid vera mogleg å planlegge for framtida.

Det er folketeljinga pr. 1. juli inneverande år, som neste års rammeføresetnader byggjer på.

Det er eit prinsipp at årets rammeføresetnader (presentert ved inngangen til budsjettåret), skal vera føreseielege, sjølv om folketeljingane kan svinga i driftsåret.

Teljinga den 1. juli d.å., synte ein nedgang frå året før. Dette påverkar ikkje årets drift, berre neste års rammeføresetnader. Skatteanslaget kan derimot svinga noko i driftsåret

På vegne av kommunane, bryt KS signal / vedtak og folketeljingar ned på kommunenivå, og utarbeider ein prognosemodell for inntektene dei komande 4 åra.

Denne prognosen ligg til grunn for vurderingar som vert gjort i høve denne tertialrapporten så vel som for komande budsjett- og økonomiplanprosess.

Tilhøve til tertialrapport nr. 1 og budsjett- og økonomiplanprosess:

Det vart gjort eit omfattande arbeid ved førre tertialrapportering med å få budsjettet for 2014 både realistisk og i balanse. Marginar vart minimalisert for alle einingar.

Tertialrapport nr. 1 stadfestar dette. Også at det rådde ei viss usikkerheit om det var mogleg å halde râmene pr. avdeling, sjølv om ein konkluderte med at dette skulle vera mogleg å få til.

Det har vore gjort omfattande endringar /vedtak i organisasjonen dei siste åra, som har fått konsekvensar for drifta også i inneverande år.

Vedtak om skulestrukturendringar og innføring av nye driftsmodellar med fellesturnus innan pleie-, helse- og omsorgssektoren, var forventa å skulle gje vesentlege reduksjonar i driftsnivået.

Likeins har opphøyr av den kommunale medfinansieringa i Samhandlingsreforma ført til store endringar i rammevilkåra. Drifta er no i ferd med å sette seg etter alle endringane.

Budsjettet for år 2016, burde kunne gje uttrykk for kva som vert forventa å verta den jamne drifta i åra som kjem.

Ved tertialrapportering nr. 1 var det kome til mange nye endringar i dei interne rammeføresetnadane, samanlikna med det ein forventa i budsjettprosessen hausten 2014.

Det vart difor gjort mange nye grep for å tilpassa drifta til både inntektsnivå og den lokale røynda.

Dei nye føresetnadane for å oppnå balanse ved årsslutt, vart opplyst i tertialrapport nr. 1.

Samfunnet og den kommunale organisasjonen er i stadig endring og ein må tilpassa rãmene til korleis organisasjonen til ei kvar tid er sett saman. Endringar kan sã absolutt vera eit sunnheitstrekk. Men nãr ein veit at «marginen er sã liten», og «driftsomrãde sã stort», sã skal det diverre smã endringar til, før ein er nøydd å involvere politisk nivå, og justera seg pã rammennivã.

Dei føresetnadane for økonomisk balanse som vart lagt inn i budsjettet i samband med justeringa i mai, og som ikkje er oppfylt, vil føra til eit økonomisk avvik ved årsslutt.

Det har vore tenesteomrãde som har vore vanskeleg å budsjettert pã rett nivå og det kan vera uforutsette hendingar som har kome til i siste tertial. Slikt fører ogsã til avvik ved årsslutt.

Denne tertialrapporten foreslår m.a. korleis ein kan løysa nye avvik og korleis finna økonomisk balanse i drifta ved årsslutt.

Endringar i rammeføresetnadane til kommunen - overordna inntekter og utgifter:

Det endeleg vedtekne reviderte nasjonalbudsjett frå ultimo juni, gav svært smã endringar i høve framlegget frå mai. Etter dette har dei økonomiske føresetnadane ikkje vorte justert sentralt. Skatteanslaget er justert noko ned. Dette skuldast endringar i folketalet-/samansetnaden.

I samband med framlegging av Statsbudsjettet for år 2016, er det heller ikkje gjort vesentlege endringar som pãverkar rammeføresetnadane for år 2015.

Tilhøve mellom frie inntekter og folketalsutviklinga

Folketeljingar i driftsåret har ikkje noko å seie for årets frie inntekter.

Ein er kjend med at folketalet pr. 1/7 er pã 785 stk. Dette er ein nedgang i folketalet sidan fjoråret, men nedgangen frå år 1/7 2014 vil berre ha noko å seie for neste års rammetilskot / budsjett.

Tabellen under syner utviklinga i folketalet opp mot inntektssystemet:

Kriteriedata	IS 2012 med folketall per 1.7.2011	IS 2013 med folketall per 1.7.2012	IS 2014 med folketall per 1.7.2013	IS 2015 med folketall per 1.7.2014	IS 2016 med folketall per 1.7.2015
Innbyggere ialt	862	851	829	799	785
Innbyggere 0-1 år (fra 2013), tidligere 0-2 år	18	11	12	8	8
Innbyggere 2-5 år (fra 2013), tidligere 3-5 år	28	29	28	24	21
Innbyggere 6-15 år	98	99	87	85	90
Innbyggere 16-22 år	75	79	75	68	62
Innbyggere 23-66 år	475	468	455	440	425
Innbyggere 0-17 år	160	163	153	136	
Innbyggere 18-49 år	299	288	270	263	
Innbyggere 50-66 år	235	235	234	226	
Innbyggere 67-79 år	105	109	117	119	126
Innbyggere 80-89 år	56	48	47	47	46
Innbyggere 90 år og over	7	8	8	8	7
Basistillegg	1	1	1	1	1
Sonekriteriet	14 272	12 876	12 578	12 265	11 920
Nabokriteriet	9 782	9 768	9 704	9 579	9 401
Landbrukskriteriet	0,00067	0,00066	0,00064	0,00064	0,00067
Innvandrerne 6-15 år ekskl Skandinavia	7	10	8	9	7
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand	2	3	4	5	5
Flyktninger uten integreringstilskudd	0	0	0	0	0
Dødlighetskriteriet	6	5	5	5	5
Barn 0-15 med enslige forsørgere	9	10	14	12	13
Lavinntektskriteriet	25	19	22	21	13
Uføre 18-49 år	6	5	9	8	6
Opphopningsindeks	0,0098	0,0067	0,0065	0,0051	0,0027
Urbanitetskriteriet	3 331	3 280	3 239	3 115	3 046
Psykisk utviklingshemmede 16 år	2	2	2	2	2
Ikke-gifte 67 år og over	75	75	75	80	79
Andel barn 1 år uten kontantstøtte (fra 2013), tidliger	11	3	3	1	1
Innbyggere med høyere utdanning	103	114	120	118	113
	per 1.1.2012	per 1.1.2013	per 1.1.2014	per 1.1.2015	per 1.1.2016
Folketall per 1.1. i IS-året	851	842	815	800	792

Det er verd å merke seg at det er ein svak nedgang i talet på dei eldste og dei yngste. Dette vil gje ei utfordring på budsjettet for neste år.

Statsbudsjettet sin prognose for år 2016, er markert med gult.

Folketalet og konsekvensar for framtida, vert kommentert ytterlegare i samband med den føreståande budsjettprosessen.

Frie inntekter

Om Rammetilskot:

I samband med endeleg vedtak i revidert nasjonalbudsjett i juni (RNB) , vart det utarbeidd ein ny prognosetabell også for perioden 2016-2019. Denne syner inga vesentlege endringar for år 2015, men ei forventa nedjustering i rammetilskotet på 0,1 mill. for perioden etter.

Dette vil verta nærare omtala i budsjettsaka.

Forventa auke rammetilskot = kr. -16'.

Særskilt om Fylkesmannen sitt skjønstilskot:

Det har vore vanleg at Fylkesmannen har tildelt ekstraordinære skjønsmidlar / prosjektskjønsmidlar til Solund for inneverande år, i samband budsjettprosessen for komande år.

For år 2015, vart det tidleg signalisert frå Fylkesmannen, at desse skjønsmidlane var oppbrukt i samband med kommunereforma. Nedjusteringa vart såleis gjort ved 1. tertialjustering.

Om Skatteinntekter / Inntektsutjamning:

Etter 1. tertial kunne det sjå ut som om Solund kommune ville få ekstra høge skatteinntekter i høve det som var berekna samanlikna med tidlegare år. Det vart lagt inn 0,3 mill. i forventa netto lokale meirinntekter (skatt fråtrekt inntektsutjamning).

Etter 2. tertial syner det seg prognosen for denne særskilde lokale meirveksten er dempa. Dette skuldast endringar i folketalet og ikkje ein generell inntektsnedgang. Det same skjedde året før, men det kom ein liten oppsving igjen mot slutten av året.

Når no statsbudsjettet for år 2016 vart lagt fram, er prognosane på skatt /inntektsutjamning ytterlegare skrudd ned.

Med bakgrunn i dette vert det frå administrasjonssjefen si side tilrådd at den budsjetterte forventa lokale netto meirskatteveksten på kr. -150' vert justert ned med det halve + justert inntektsutjamning.

Forventa reduksjon av endringar i lokal skattevekst / inntektsutjamning = kr. +91'

Netto reduksjon ny prognose iflg. statsbudsjettet = kr. +50'

Sum endringar i frie inntekter:

Med bakgrunn i det som er presentert ovanfor:

Forventa netto reduksjon i frie inntekter = kr. +125'

Andre generelle statstilskot:

Storleiken på tilskota følger Husbanken sitt til ei kvar tid flytande rentenivå.

Rentenivået har falt noko i driftsåret.

Det vil vera eit tilsvarende positivt avvik på kommunen si renteutgiftsside.

Forventa reduksjon i andre generelle statstilskot = kr. +25'

Eigedomsskatt:

Klagehandsaminga er gjennomført for utskrivinga av skatt 2015. Denne klagehandsaminga gav ingen store endringar og det vert difor forventa at resultatet etter utskriving av 2. termin, vert slik at budsjettetmåla vert nådd.

Forventa auka /reduksjon eigedomsskatteinntekter = kr. 0'

Finansutgifter- og inntekter

Renteinntekter og utbyte:

Renteinntektene har vore budsjettert på eit forsiktig nivå, og dette gjer at budsjettet tek høgd for eit fallande rentemarknadsnivå. Det vert såleis ikkje foreslått vesentlege endringar her.

Utbyte er utbetalt til kommunen med kr. 90' høgare enn på budsjettert nivå.

Forventa auke i samla renteinntekter og utbytte = kr. -100'

Renteutgifter og avdrag:

Vurderinga av renteutgiftene er som for kommentarane knytt til renteinntekter og andre generelle statstilskot avsnitta ovanfor.

Pr. i dag er Solund kommune sine flytande rentevilkår på om lag 1,8%. Dette er lægre enn lagt til grunn i Tertialrapport nr. 1. Innsparing om lag kr. -150'.

I budsjetteringsprosessen, vert det også lagt opp ei inndekning for 1 avdragstermin og ½ år med rentebelastning på nytt låneopptak. Låneopptaket vart effektuert ultimo september og dette gjev ei halvering av budsjettert avdragsbetaling for årets låneopptak. Innsparing kr. -150'.

Forventa reduksjon i rente- og avdragsutgiftene = kr. -300'

Avsetnader – bruk av avsetnader:

Det er tildelt 0,33 mill. frå Helsedirektoratet som er øyremerkt ulike føremål, men mestedelen skal gå til å etablera eit «dagsenter»-tilbod ved Gjenbruksbutikken.

Desse vert tilrådd avsett til bunde driftsfond i påvente av at planane vert sett i verk og vert inntektsført og avsett på ansvar 420

Det vert elles lagt opp til at drifta skal gå i balanse og det er såleis ikkje rom for ytterlegare frie avsetnader.

Sum tilrådd auka avsetnad til disposisjonsfond = kr. 0

Overføring til investering:

Det er ikkje tilrådd endringar i budsjetterte overføringssummar.

Sum til fordeling drift

Med bakgrunn i det som er presentert ovanfor, vert det forventa at det vert rom for ei auke i «sum til fordeling drift» på kr. -250' (avrunda).

Denne summen er ikkje meint til å auka det generelle driftsnivået, men for å dekkja opp eit vesentleg overtidsforbruk ved helse- og omsorg, auke i barnevernstiltak og svikt i kommunale husleigeinntekter.

Gjennomgang av den daglege drifta

Den vidare gjennomgangen av drifta tek utgangspunkt i avdelingsleiarane sine eigne rapportar. Der det vert forventa eit avvik ved årsslutt vert årsaka kommentert særskilt, og det vert skissert løysingar / føresetnader for å koma i balanse; - herunder framlegg til budsjettjusteringar for å nå balanse ved årsslutt.

Ein generell føresetnad for samla budsjettbalanse, er at flyktningane kjem til Solund innan telje / rapporteringsfristen går ut for år 2015.

Budsjettet for utmåling av tilskot til framandspråklege (kr. -380'), er basert på at flyktningane kjem til Solund innan 1. november 2015.

Ansvar 100, 110, 120, 121, 130, 150, 410 og 420

Rådmann, Folkehelsekoordinator, Rådgjevar skuleadministrasjon m.m., Rådgjevar samferdsle, plan m.m, Flyktningekonsulent, Biblioteksjef, Leiar Frivillegsentral og Kulturskulerektor

Under desse rammene sorterer svært mange tenester, m.a.:

- Politisk leiing og administrativ leiing
- Revisjon / kontrollutval
- Stabsfunksjonar som t.d. økonomiforvaltning / IRK, Servicekontor / IKT, Fellesutgifter m.m.
- Sektorovergripande prosjekt (t.d. BULYST, «Innovasjon og fornying» - fullelektronisk arkiv herunder digitalisering av økonomifunksjonar, eigedomsskatt, etableringstilskot m.m.
- Overordna personal, Tillitsvald, Lærlingar, sommarjobb for 13-17 år, framandspråklege, vaksenopplæring m.m.
- Utleige kommunale husvære / samferdsle / anna Infrastruktur
- Folkehelsearbeid m.m.
- Bibliotek
- Frivillegsentral, herunder Gjenbruksbutikk og Voluntørtjenesta
- Turistinformasjon
- Kulturskule
- Flyktningar / integrasjon
- M.m.

Ansvar 100 – Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.

Gjeremåla har vore mange dette tertialet, samstundes som administrasjonen har gjennomgått ein vesentleg reduksjon i bemanninga på driftssida.

T.d. er delar av ressursbruken knytt til driftsprosjektet «Fullelektronisk arkiv», flytta til gjennomføring av investeringsprosjektet «Kvalitetssystem» og økonomikontoret vil drifta med 2 stillingar, då tilsaman 1/1 stilling er innvilga permisjon i 1 år frametter.

Begge desse tiltaka var naudsynt for å oppnå budsjettbalanse ved årsslutt.

Det vert forventa eit mindreforbruk på løn ved årsslutt, men mykje av dette vert forventa å gå med til å dekkja auken i reisekostnader for politisk og administrativ leiing (sjå neste avsnitt).

Det er samstundes oppretta ei prosjektstilling knytt til det å skapa gjennomføringskraft på dei mange og mangslunne investeringsprosjekta som er vedteke i Budsjett 2015.

Løna vert ført mot aktuelle investeringsprosjekt, etter korleis ressursinnsatsen vert nytta.

Driftsrekneskapan vert såleis ikkje direkte påverka av denne satsinga.

Kommunereformarbeidet:

Solund kommune er eit øyrike, med eit dagsverk ressursbruk kvar gong ein skal vitja eit anna kommunesenter. Når så mange samarbeidsalternativ pågår samstundes, så har dette pålagde utgreiingsarbeidet tatt mykje av den administrative leinga sine ressursar, dette driftsåret. Diverre har det ikkje følgt midlar med til dette arbeidet, korkje til arbeidsinnsatsen eller reisekostnadane.

Det må påreknast overskridingar på kommunereformarbeidet for både politisk og administrativ leing sine tenesteområde.

Organisasjonsutviklingsprosess / utviklingsleing:

Arbeidet med å få tilpassa ein ny organisering har vore eit høgt prioritert arbeidsområde dette driftsåret. Ein er no i ferd med å konkludere på den administrative delen.

Målet er å få til ei optimal organisering av heile det kommunale tenesteapparatet, til glede både for dei tenesteytande avdelingane og brukarane der, så vel som for innbyggjarane, organisasjon- og næringslivet elles.

Solund kommune har ein unik sjanse til å vise omverda alle føremuner ein har ved å drifte med ein oversiktleg, fleksibel, lett driven og utviklingsorientert organisasjon.

I møte med kommunereforma vert det umåteleg viktig å ha ei optimal og straumlinjeforma drift.

Leiarane har i denne prosessen utvikla ein eigen visjon og verdiplattform, som skal vera drivkrafta i deira arbeid. Dette vil verta følgt opp med ein tilsvarende prosess i organisasjonen elles.

Prosjekt «Fornyng og innovasjon - Fullelektronisk arkiv»:

Økonomikontoret har fått på plass dei system som var naudsynt for å straumlinjeforma arbeidsoppgåvene- arbeidsflyten innafor det som er mogleg for det økonomi- og fagsystemverktøyet som SYSIKT og kommunen rår over pr. idag.

Det har vore arbeidd godt, under leing av ein tilsett prosjektleder, med å få historiske arkiv på plass i det nye systemet. Arkivtenesta har starta arbeidet med å få på plass den nye arkivplanen.

Diverre følgde ikkje Fylkesmannen opp 1.års prosjektskjønsmedeltildeling, med ei ny løyving som monna for år 2015. Dette betyr at slutføringa av prosjektet vil måtta takast over lengre tid enn planlagt. Ressursen som vart engasjert til dette prosjektarbeidet ut år 2015, har ein måtta finna alternative inndekningsmåtar for, både over drift og investering.

Prosjekt «innføring av eigedomsskatt»:

Prosjektet har no gått over i driftsfasen, og tal klagesaker etter 2. års utskriving tyder på at det har vore gjort eit godt arbeid frå Takstnemnda si side. Det vert antatt at eigedomsskatteavdelinga i framtida i snitt treng 10% ressurs, for å ivareta dei administrative oppgåvene knytt til framtidig utskriving og klagehandsaming. Dette vert forsøkt løyst ved omdisponering av dei administrative ressursar som finst. Mellom anna er det naturleg at plan- og utviklingsavdelinga ta ansvar for KOMTEK-oppdateringar opp mot Matrikkeldata og Økonomiavdelinga utskriving og innkrevjing. Her må eit godt samarbeid til, for å få ein god arbeidsflyt og effektivt arbeid.

BULYST-prosjektet:

Bulyst-koordinatoren går i disse dagar over i ny stilling i HAFS Utvikling AS.

Det har vore gjort eit framifrå arbeid og mange konkrete resultat er synlege i kjølvatnet av prosjektperioden. Det vert vist til løpande rapportering og historiske årsmeldingar / komande årsmelding for oppsummeringar av Bulystprosjektet sitt arbeid og resultat.

Solund kommune vil no kunna oppleve eit vakuum i kjølvatnet av dei mange arbeidsoppgåvene som har vore tillagt stillinga og dei mange positive aktivitetane som koordinatoren har vore involvert i.

Det er viktig at kommunen også i framtida har ein ressurs som kan bidra ovanfor både friviljug sektor og næringslivet. Mellom anna vert oppfølginga av den strategiske handlingsplanen ei viktig oppgåve som må følgjast opp med aktiv handling.

Denne utfordringa vil verta drøfta nærare i samband med budsjettet for år 2016 ff.

IKT – mobil- og fiberutbygging

Det har skjedd og skjer ei rivande utvikling på dette område og ein ser no at tidlegare definerte og budsjetterte satsingar no vert gjennomført. Det vere seg fiberutbygginga frå Sildevika-Eide, samt fiberutbygginga til store delar av Ytre Sula, som no også er fullfinansiert.

Desse investeringane er ein av dei viktigaste grunninvesteringane som kjem på plass, for at både innbyggjarane og næringslivet kan både eksistere, samhandle og utvikle seg i Solund i framtida.

Forventa mindre – eller meirforbruk ved ansvar 100 = Balanse

Ansvar 110 - Folkehelsearbeid

Grunna vakansar vert det reduserte lønskostnader ved dette ansvarsområde.

Det er grunn til å tru at det øyremerkte fylkeskommunale tilskotet til denne tenesta, vil verta redusert tilsvarande.

Det er også signal som tyder på at den eksterne finansieringa til folkehelsearbeidet vil opphøyra frå og med neste driftsår.

Administrasjonssjefen reknar med eit lite netto mindreforbruk ved tenesta, etter at tilskotet er utbetalt.

Forventa mindreforbruk ved ansvar 110 = kr. -25´

Ansvar 120 - Rådgjevar oppvekst og overordna personalarbeid

Status

Ansvarsområdet har overordna ansvar for barnehage, skule, kulturskule, vaksenopplæring, norskopplæring for vaksne, skuleskyss og reinhald idrettsbygg.

Våren har tradisjonelt mest fokus på å rekruttere kvalifiserte medarbeidarar. Innan ansvarsområdet er det først og fremst lærarar som er utfordringa å rekruttere. Ved oppstart av skuleåret hadde ein i stor grad lukkast med å få på plass tilfredstillande personalressursar. Også i år har vi tilsett ufaglærte i stillingar. Dette betyr m.a. at Solund kommune treng å rekruttere undervisningspersonell for skuleåret 2016 – 2017.

Oppvekstsektoren er så langt mogleg førebudd på å ta i mot flyktningar. Ansvarsområdet vil få kostnader som er knytt til norskspråkopplæring, då det er behov for nyttilsetjing i undervisningsstilling.

Vedtak om endra PPT-samarbeidsavtale i ytre Sogn og Sunnfjord er forventta skal redusere kostnaden inn PPT-tenesteområdet. Kva dette utgjør i sum er vanskeleg å forutsjå. Dette fordi det har vore vakanse og langtidssjukemelding innan det interkommunale PPT-kontoret.

Eventuelle avvik ved årsslutt

Norskopplæring vaksne framandspråklege, 21320

Kommunen vert tildelt statleg tilskot ut frå kor mange innbyggjarar det er innbyggjarar i Solund som tilfredsstillar tildelingskriteria. Det er ei viss usikkerheit kring kor mange innbyggjarar dette er i Solund. Ved mottak av flyktningar vil det vere behov å tilsetje undervisningspersonell opp mot norsk-språkopplæring. Det er grunn til å tru at tenesteområdet går i balanse.

Kommentar frå administrasjonssjefen:

Ein særskild usikkerheit, er om flyktningane kjem til Solund innan teljetidspunktet for utmåling av tilskot (**1. november**).

Det er lagt opp i framlegget til budsjettjusteringar for tertial nr. 2 at tilskotet vert utbetalt som budsjettert.

Skuleskyss, 22300

Utifrå informasjonen som er kome frå fylkeskommunen om kostnad med skuleskyss hausten 2015 har tenesteområdet minus med kr 20'.

Årsak til avvik

Endra elevtal i løpet av skuleåret og behovet for.

Tiltak for få økonomisk balanse

Barnehage- og skulefagleg ansvarleg har i tertialperioden ikkje delteke på regionale og fylkesvise samlingar. Ein vil forsøka redusere utgifter på andre tenesteområde, tilsvarande forventta avvik.

Forventta meir- eller mindreforbruk ansvar 120 = Balanse

Ansvar 121 - Solund Kulturskule

Aktivitetar

Kursaktivitetar

- Piano: 9 born 2 vaksne
- Fele: 6 born 1 vaksen
- Mat i Fjøra: 20 deltakarar med vaksne og barn
- Sommer kulturskule: Gopro filmkurs 3 deltakarar
- Kulturkonferanse :11 deltakarar

Det var fleire kurs som ikkje blei realisert grunna dårleg påmelding.

Go-pro klubben har hatt litt vekslende aktivitet, men vi har samling kvar onsdag, det er opent for alle.



Møte i Fjøra vart avvikla første helgen i juni.

Dette er eit prosjekt initiert av kulturskulen i samarbeid med Y.S.T.L der ei ynskjer sette fokus på marine, maritime og andre kystnære aktivitetar.

Sjå rapport til Dugnadsfondet som gav oss 10.000

<https://www.youtube.com/watch?v=v1mk1hkaiRA&feature=youtu.be>

Prosjektet er sponsa av Marine Harvest med 50.000.-

Neste Møte i Fjøra vert arrangert mai/juni 2016

Kulturskulen arrangerte ein Sommer avslutning der elevane fekk vise dine kunnskapar. Det var stor oppslutning med servering av mat/kaker av Kul-mat elevane.

GoPro filmveke vart avslutta med ein mini-filmfestival i samarbeid med Gjenbruket og markerte slutten på kulturskule året.

Ved oppstart i august var kulturskulen utan pianolærar. Dette har ført til store forseinkingar for pianoundervisninga.

For å utvikle tilbod har kulturskulen vert initiativtakar til å starte

Solund Musikk og Teaterverkstad. S.M.T.V er medlem i Frilynt.

Dette gjer det mogeleg å søkje ulike støtteordningar som Kulturskulen ikkje har tilgang til.

1Ex: "Frifond".

Kulturskulen var vertskap for ein Kulturkonferanse i september, der målet var å samle alle kulturaktørar i kommunen for å finne ein felles plattform for vidare felles kulturarbeid. Det vert nytt arbeidsmøte i november.

Forventa mindreforbruk ved ansvar 121 = kr. -25'

Ansvar 130 – Samferdsle / egedomsforvaltning

Utleige av bustader har vore mindre enn forventa i 2. tertial. Det kan sjå ut som dette vil vare ut året. Forventa svikt i inntekter vert kr. 50'.

Festeavgiftene vert oppjustert kvart 10. år. Auka kostnader med festeavgifter gjev ein meirkostnad på om lag kr. 25'. Likeins gjev drifta av nye mobilstasjonar ein tilsvarande auke i årleg kostnad.

Det løper ein husleigeavtale med Ytre Solund Bygdehus på det utgatte ansvarsområde 211 – Ytre Solund skule, som heretter må dekkast inn ved ansvar 130 (kr. 25')

Det er meldt om vesentlege økonomiske nedskjeringar i Fylkeskommunen for den komande 5-årsperioden. Denne nedskjeringa vil få følgjer for det kommunale samferdsletilbodet. Dette vil ein også koma attende til ved budsjett- og økonomiplanhandsaminga.

Forventa mindreinntekter og meirutgifter ved ansvar 130 = kr. 100'

Ansvar 150 - Flyktingarbeid

Det vart rett etter at tertialet var utgått, tilsett ein Flyktingkoordinator som vil ta hand om alt arbeide med å få på plass ei god integrasjonsteneste.

Då budsjettet vart lagt, vart kostnaden for år 2015 plassert på ansvar 420.
Ved denne tertialjusteringa vert løyvinga tilrådd overført til dette ansvarsområde.

Det er behov for innkjøp av møblar til dei mellombelse bustadane som skal verta nytta.
Denne kostnaden vert tatt over investeringsbudsjettet.

Forventa (meir)forbruk ved ansvar 150 = kr. 200' og vert konvertert frå ansvar 420.

Ansvar 410 - Bibliotek

Det vert ikkje forventa avvik ved dette ansvarsområde. Drifta går som forventa.

Forventa meir- eller mindreforbruk ved ansvar 410 = Balanse

Ansvar 420 - Frivilligsentral

Ved inngangen til budsjettåret vart løyvinga til Flyktingarbeidet lagt mellombels ved dette rammeområde. No er det oppretta eit eige ansvarsområde for denne tenesta (ansvar 150) og løyvinga vert overført til sitt rette ansvar ved denne budsjettjusteringa.

Voluntørtenesta

Det vert vist til eigne rapporteringar direkte frå Frivilligsentralen til styret, som er formannskapet i kommunen.

Det er viktig at andre ansvarsområde som nyt godt av denne voluntørtenesta, legg inn i sitt budsjett eit lite tilskot for bruk av desse ressursane.

Gjenbruksbutikken

Gjenbruksbutikken vil med ein god julehandel, kunna oppnå balanse ved årsslutt.

Etter søknad er tildelt eit øyremerkt tilskot frå Helsedirektoratet (kr. -300'), som skal nyttast til å organisere /utvikle eit godt dagtilbod /verna arbeidsplassar for brukarar i PU / Psykiatritenesta.
Dette vert avsett til bunde driftsfond i påvente av at planarbeidet er ferdig.

Turistinformasjonen

I samband med PU-tenesta har tilbodet vorte utvida frå og med i sommar og lønskostnadane knytt til ekstratilbodet er ført på denne tenesta. Desse er meint å verta dekkja ved årsslutt, ved bruk av øyremerkte tilskot til PU-tenesta, men først når alle kostnader er kjende.

Forventa (mindre)forbruk ved ansvar 420 = kr. -200' som vert konvertert til ansvar 150.

Forventa refusjonsinntekt Dagsenter = kr. -300' (frå ansvar 315)

Forventa meirutgifter Dagsenter = kr. 100'

Oppsummert justeringar administrasjonssjefen ansvarsområde:

- **Ansvar 100 – Balanse**
- **Ansvar 110 – kr. -25´**
- **Ansvar 120 – Balanse**
- **Ansvar 121 – kr. -25´**
- **Ansvar 130 – kr. 100´**
- **Ansvar 410 – Balanse**
- **Ansvar 420 – kr.-300´ (refusjonsinntekt frå ansvar 315)**
- **Ansvar 420 – kr. 100**

I tillegg kjem konverteringa mellom ansvarsområde

- **Ansvar 150 – kr. 200´**
- **Ansvar 420 – kr. -200´**

Ansvar 210

Solund barne- og ungdomsskule

Aktivitetsrapport:

2. tertial for skulen omfattar avslutning av skuleåret 2014/2015 og starten av skuleåret 2015/2016. I denne perioden vart det gjort tilsetjingar for inneverande skuleår. Ein kom litt tidlegare i gang med utlysingar dette året, og hadde «lærarkabalen» nokolunde på plass før sommarferien. Skulen har framleis vanskar med å rekrutterer ferdig utdanna pedagogisk personale. Dette skuleåret har ein 6 lærarar utan formell pedagogisk kompetanse. To av desse held på med utdanning.

Skuleåret 2015/2016 har ein 84 elevar. 3 elevar avslutta grunnskulen i vår, og 3 elevar starta i 1.klasse. Skulen har framleis 4delt barnesteg og 2 delt ungdomssteg. Det er 8 born på skulefritidsordninga. Det er tilbodet på onsdagar som er mest nytta.

Skulen har fleire elevar med rett til spesialpedagogiske tiltak av ulik grad. Solund kommune har tilsett spesialpedagog i 50 % stilling, og denne pedagogen vert dette skuleåret nytta på skulen og er ein viktig ressurs inn mot elevar med særskilde behov. Samla sett nyttar skulen om lag 150% stilling på spesialpedagogiske tiltak inneverande skuleår.

Skulemiljø:

Eit godt skulemiljø er viktig for elevane sin trivsel og læring, og skulen har høgt fokus på dette. Likevel oppstår det frå tid til anna saker der elevar ikkje opplever skulesituasjonen som god. I slike saker fylgjer ein tiltaksplan mot mobbing, som omtalar både førebyggjande arbeid og tiltak når mobbing oppstår. For å avdekke mobbing gjennomfører skulen kvart år elevundersøkinga. I vår vart det også gjennomført ei foreldreundersøking. Skulen har også andre kartleggingsverktøy som kan nyttast for å få innsikti korleis klassemiljøet fungerer.

Skulemiljøutvalet har eit spesielt ansvar for elevane sin trivsel, og vil i samarbeid med skulen arrangere kurs for både foreldre og tilsette om mobbing i løpet av den neste månaden.

Undersøkingane viser at skulen heile tida må ha eit «trykk» på arbeidet med elevane sin trivsel, og sjølv om hovudbiletet er at elevane våre har eit trygt og godt skulemiljø, er det elevar som treng ekstra oppfølging på dette området.

Læringsarbeid:

Det har nyleg vore gjennomført tilsyn på skulen med tema «Eleven sitt utbyte av opplæringa». Rapport frå dette tilsynet er venta i løpet av hausten, og vil vere eit grunnlag for vidare arbeid med opplæringa.

Samarbeid med andre instansar:

Helsesøster har fast møtetid på skulen, og er synleg og tilgjengeleg for elevar som ynskjer ein samtale. Skulen har også eit tett samarbeid med PPT og barnevern. Dette samarbeidet er svært viktig for elevar som treng oppfølging på fleire område.

Sjukefråvær:

Skulen har hatt noko sjukmelding i skuleleiinga i perioden, men elles har det vore lite langtidssjukmeldingar og eigenmeldingar i dette tertialet.

Inventar og utstyr:

Ein del av inventaret på skulen byrjar å bli slitt, og ein er difor i gang med å byte ut ein del av dette, m.a. stolar/pultar/kateter.

Skulen har også bytt ut alle elevmaskinene, og frå skulestart i haust er også barneskulen knytt til skuleløyisinga til SYSIKT. Det neste som står for tur då vil vere maskiner til personalet.

Uteområde/leikeareal.

I perioden har ein gjort ein del vedlikehald på uteområdet. Det har m.a. vore gjort naudsynte reparasjonar av klatrestativet, og ein har skifta dekke og gjort anna vedlikehald på ballbingen.

Rehabilitering ungdomsskulebygg / ny ungdomsskule m.m.

Det har vore lagt fram ei omtale av ungdomsskulebygget og ei førebels skisse av kostnader ved nybygg. Før ein tek endeleg avgjerd om kva som vert vald som løysing vidare, vil ein få gjennomført ein tilstandsrapport. Med bakgrunn i denne vil det verte lagt fram ei tilråding for kommunestyret.

Budsjett:

Med nokre justeringar innafør eige budsjett vil ein forsøka å få ansvarsområdet i balanse ved årslutt.

Forventa meir- eller mindreutgifter ved ansvar 210 = Balanse

Ansvar 211:

Ytre Solund Oppvekstsenter

Solund kommune har ein avtale med Ytre Solund bygdehus for betaling av straum, som løper her inntil det vert avklart kven som har ansvar for denne avtalen. Det vert forventa ei avklaring før utgangen av året, slik at utgiftene vil verta ført ved eit anna ansvarsområde som er i drift.

Forventa meirforbruk ved ansvar 211 = Balanse

Ansvar 271

Solund barnehage

STATUS I DRIFTA

Solund barnehage har pr. 31/8-15 25 barn fordelt på tre avdelingar. For å sikre eit forsvarleg pedagogisk tilbod til brukarane har vi auka til tre avdelingar att, utan behov for ekstra personell. Her er fleire barn under tre år som har krav på ekstra areal.

I dette tertialet har vi teke imot tre nye born. 1 fagarbeider er overflytta til Solund barne –og ungdomsskule for skuleåret 2015/2016. 3 barn er byrja på skulen og 2 har slutta grunna flytting.

Solund barnehage har tross overflytting av fagarbeider ei god grunnbemanning og her er plass til fleire barn om det kjem nye søkjarar.

Det har ikkje vore langtidssjukemeldingar i perioden og jobbnærværet har vore stabilt på ca 97%. Tilsette ved Solund barnehage har no starta etter og vidareutdanning, PUB2 og Kompass. Det har vore to samlingar, ei der tilsette deltok på nettoverføring, og ei samling der heile personalgruppa var i Førde. Det vert no arbeida jamt med studiet mellom samlingane. Brukarane er orientert om dette. Som nemnt i Tertialrapport 1 2015 har ein lagt ned lista og aktivitetsnivået noko, samstundes som her er gode kvardagar prega av gode aktivitetar.

Det vert framleis arbeida med å søkje eksterne midlar for å drifte prosjektet Fysisk aktivitet og læring i uterommet vidare. Ein har lukkast å få 16000,- i kompetansemidlar frå HAFS skuleregion.

STATUS ØKONOMI

Ein fagarbeider er overflytta til Solund barne –og ungdomsskule for skuleåret 2015/2016, dette medfører reduksjon i lønsutgifter. Dette saman med lærling i svangerskapspermisjon fører eininga fram mot balanse ved årsslutt.

Slik Solund barnehage vert drifta no vert her ikkje brukt vikar ved korttidsfråvær.

Det er rom for å ta imot nye barn.

Forventa meir- eller mindreforbruk ved ansvar 271 = balanse

Føresetnad : At prosjektet utløyser kr. 150' i tilskot i tråd med budsjettet.

Ansvar 300

NAV Solund

NAV Solund har pr. 2. tertial 2015 ikkje negative avvik. Med bakgrunn i aktiviteten så langt i år, vil ein høgst truleg halde seg innan budsjettamma og truleg gå i pluss. Men på den andre sida, er det som har med økonomisk sosialhjelp lite føreseieleg.

Mottak av flyktningar kan også gje utslag på budsjettet på slutten av året.

Når det gjeld økonomisk sosialhjelp, bidrag – konto 14700, er det hittil i år brukt kr 41.984,- av revidert budsjettamma kr 155.000,-. Altså 27,09% av ramma. Vi har så langt i år ikkje hatt brukarar med sosialhjelp som einaste inntekt, og det er gledeleg.

Av den revidert budsjettamma for sosiallån, konto 15200, kr 50.000,-, har vi så langt i år ikkje brukt midlar. Vi har truleg ein brukar med gjeldsproblematikk på veg inn i systemet vårt i desse dagar. Noko som kan medføre bruk både av sosiallån og bidrag.

Kvalifiseringsprogrammet, teneste 27600, med revidert budsjettamma kr 25.000,-, er hittil i år ikkje brukt av. Truleg vert det ikkje utbetalingar i år, men får vi søkjarar som har rett til dette, må dei få tilbodet uavhengig av om kommunen har økonomi, eller ikkje.

Forventa mindreforbruk ved ansvar 300 = kr. -50'

Ansvar 310, 312, 315, 360, 370, 371, 372 og 373

Leiar Helse- og sosial, Helsesøster, leiar PU-tenesta, leiar Barnevern, leiar Helse- og omsorg, Avdelingsleiar Solundheimen, Leiar heimebaserte tenester, Kjøkensjef

Sidan det har vore ein vakanse ved Helse- og omsorg og den nye leiaren nyleg har tilrådt stillinga, er rapporteringa avgrensa til ei kort økonomisk vurdering ved fleire ansvarsområde.

Ansvar 310 – Lækjartenesta m.m.

Rapport for tertial 2, er ikkje utarbeidd.
Drifta er gjennomgått av helse- og omsorgsleiaren.

Ved førre tertialrapportering vart ramma oppjustert med auken i transportkostnader.

Det ligg an til ein svikt i brukarbetalingar ved lækjartenesta.
Det kan samstundes sjå ut som om lønskostnadane kan verte noko mindre enn stipulert.
Begge desse faktorane er vanskeleg å vurdere, men om ein samanliknar med tidlegare års utvikling, så vil ein kunna vente balanse ved årsslutt

Forventa meir- eller mindreforbruk ved ansvar 310 = Balanse

Ansvar 312 – Helsestasjon

Rapport for tertial 2, er ikkje utarbeidd.
Drifta er gjennomgått av leiaren for tenesta, og ein finn går som normalt innafor gjevne rammer.

Statlege midlar som via rammetilskotet vart tilført til helsestasjonen for ekstra satsing på «Helsestasjon-og Skulehelseteneste», er nytta som forutsatt ved auke i stillingsprosent og tettare kontakt med skulen. Rammetildeling, ressursinnsatsen og ev. avvik ved årsslutt, må også sjåast i samanheng med ramma for psykiatritenesta, sidan det har skjedd ei fordeling av samla ressursinnsats mellom desse tenestene.

Forventa meir- eller mindreforbruk ved ansvar 312 = Balanse

Ansvar 315 – PU-tenesta

Rapport for tertial 2, er ikkje utarbeidd.
Drifta er gjennomgått av leiaren for tenesta, og ein finn går som normalt innafor gjevne rammer.

Frå 1. juli vart PU-tenesta organisert under Heimehjelp/heimesjukepleietenesta i kommune.
Det er framleis viktige endringar på gang i høve tilrettelegginga av tenesta.

Det var såleis vanskeleg å stipulere den samla ressursbruken i driftsåret ved denne avdelinga, før alle tenestemessige endringar er gjennomført. Ved full drift av denne tenesta, skal ein del av driftskostnadane ved ansvar 370 (institusjon og heimebaserte tenester), etter forskriftene skiljast ut og førast mot dette ansvar 315.

Den nye leiaren ved Helse- og omsorg er nyleg tilsett og har prioritert arbeide med å få alt dette på plass. Gjenbruksbutikken skal heretter også skal fungere som eit Dagsenter og møteplassen skal vera ein viktig brikke i integrasjonsarbeidet i kommunen. Det vil såleis ta litt tid for å få strukturen på plass; - herunder riktig budsjett på dei ulike tenestområda.

Ein har allereie gjort eit viktig grunnlagsarbeid, for å få registrert dei faktiske kostnadane ved PU-tenesta, slik at alle reelle utgifter kjem med i kommunen sitt refusjonskrav for ressurskrevjande brukarar.

Det vert forventa ein auke i tilskotet til ressurskrevjande brukarar ved PU-tenesta, ved årsslutt. Det vert også forventa ein auka kostnad på om lag kr. 300' i form av kjøp av tenester ved det nye Dagsenteret (Gjenbruksbutikken).

Forventa meirinntekter = kr. -100'
Forventa meirutgifter = kr. 300' (jf. ansvar 420 – Gjenbruksbutikken)
Konvertert PU-tilskot = kr. -875' (jf. ansvar 370)

Administrasjonssjefen får fullmakt til konvertere utgifter mellom ansvar 310-373, til den nye organiseringa av PU-tenesta.

Ansvar 360 -HAFS interkommunale barnevernteneste

24410 drift av barneverntenesta

Barneverntenesta har no til saman 6 sakshandsamarstillingar og 2,5 tiltaksstillingar, inkludert leiar. 2,3 av desse stillingane er midlar frå Fylkesmannen som allereie er overført for 2015. På grunn av omsorgspermisjon hos ei av dei tilsette har barneverntenesta 30% vakanse i ei stilling fram til nyttår. Dette kjem som ei innsparing på denne tenesta.

Ei 100% tiltaksstilling blir refundert frå Fjaler og Askvoll sitt tiltaksbudsjett til 24410 ved årsslutt, så dette er ikkje med i rekneskapen for 2.tertial.

Refusjonar frå Solund til den interkommunale drifta av barneverntenesta er kravd inn for heile 2015 og ser difor ut som eit overforbruk på rekneskapen.

Utgifter i høve dei andre budsjettpostane på 24410 er som budsjettert.

Det ser ut til å verte ei innsparing på om lag kr 15 000 for Solund på teneste 24410 ved årsslutt.

25100 tiltak i heimen

Det er på noverande tidspunkt eit overforbruk på denne tenesta på konto 10500 og 14701. Dette er på grunn av endra behov i nokre saker som har ført til at det har vore naudsynt å iverksette tildels omfattande ikkje budsjetterte tiltak.

Innsparingstiltak i andre kommunar har fått konsekvensar for born i Solund då gruppetiltak med deltakarar frå Solund ikkje har vore sett i verk. Dette medfører at det ikkje blir krevd inn utgifter til ferietiltak i år knytt til brukarar i Solund kommune. På grunn av auke i stillingsmidlar frå

Fylkesmannen har barneverntenesta også hatt høve til å nytte egne tilsette i tiltaksarbeid og det har ikkje vore naudsynt å nytte Askvoll og Fjaler si tiltaksstilling i saker i Solund. Dette medfører ei innsparing på konto 13500 på denne tenesta.

Det ser ut til at det kan verte ei innsparing på omlag kr 50 000 på denne tenesta ved årsslutt dersom barneverntenesta ikkje får nye saker som krev omfattande tiltak eller behov for tiltak i allereie kjende saker endrar seg betydeleg.

25200 tiltak i heimen

Solund kommune har eit barn i fosterheim som etterverntiltak. Utgiftene til fosterheimen og anna oppfølging blir ført på denne tenesta. Utgiftene er noko høgare enn budsjettert på fleire av kontoane. Samtidig har barneverntenesta midlar på fond som skal nyttast til oppfølging av fosterbarnet og desse blir ført som ei inntekt på denne tenesta konto 19500.

Ved årsslutt ser det ut til å verte ei overskriding på omlag kr 30 000 på denne tenesta.

KONKLUSJON:

Samla sett ser det ut til at det vil verte ei innsparing på omlag kr 35 000 på ansvar 360 ved årsslutt. Dette er likevel vanskeleg å forutsjå med sikkerhet sidan ein ikkje veit kva nye saker som kjem og eventuelle nye behov som vil oppstå i allereie kjende saker.

Forventa minrdeforbruk ved ansvar 360 = kr. -25'

Ansvar 370

Teneste 24180 - Psykiatri / 24280 – Rusførebyggande arbeid

Rapport for tertial 2, er ikkje utarbeidd.

Drifta er gjennomgått av leiaren for psykiatritenesta.

Drifta går som normalt og det er små avvik i høve gjevne rammer.

Det er grunnlag for å vurdere kostnadane til det rusførebyggande arbeidet, opp mot psykiatritenesta ved årsslutt.

Teneste 25300 - Solundheimen avdeling

Fråvær:

<i>Månad</i>	<i>Totalt</i>	<i>Spl</i>	<i>Hpl</i>	<i>Ass</i>
<i>Mai</i>	<i>10,6%</i>	<i>14,5%</i>	<i>79,7%</i>	<i>5,8%</i>
<i>Juni</i>	<i>6,8%</i>	<i>11,75%</i>	<i>72,7%</i>	<i>11,55%</i>
<i>Juli</i>	<i>3,35%</i>	<i>10,95</i>	<i>79,85%</i>	<i>9,2%</i>
<i>August</i>	<i>8,9%</i>	<i>24,2%</i>	<i>52,6%</i>	<i>23,2%</i>
<i>Gjennomsnitt</i>	<i>7,41%</i>	<i>15,35%</i>	<i>71,21%</i>	<i>12,44%</i>

Beordring av personale/bruk av overtid:

<i>Mai</i>	<i>Juni</i>	<i>Juli</i>	<i>August</i>	<i>Totalt</i>
<i>100,5t</i>	<i>38,55t</i>	<i>35,58t</i>	<i>125,25t</i>	<i>299,88t</i>

Dette kjem av sjukmeldingar og vakante stillingar

Pasientstatistikk:

Pasient inn korttid: 6
Pasient inn langtid: 0
Pasient ut: 4
Dødsfall: 1
Pasienter innlagt til observasjon av lege i ein kort periode: 0 (jmf. Samhandlingsreform)
Desse er og talt med i pasient inn/ut)
Dagpasient: 9

Pasientbelegg %

<i>Mai</i>	<i>Juni</i>	<i>Juli</i>	<i>August</i>	<i>Gj.snitt</i>
96,42%	95,74%	98,03%	102,59%	98,20%

Nytilsette:

9 ferievikarar, derav 1 sjukepleiar, 1 sjukepleiestudent m/medisingodkjenning og 7 assistentar.
To av assistentane har faste helgar i turnus.
Sjukepleiar 100%
Helsefagarbeidar 100%

Oppseiingar:

Helsefagarbeidar 100%

Innkjøp:

4 nattbord
2 sengebord
2 utstigningshjelpere
Totalt ca. kr. 17.500 eks. mva. av investeringsbudsjettet

Turnusarbeid:

Ferdigstilling av sommarturnus
Laga ny grunnturnus for Solundheimen og Heimesjukepleien

Kurs:

- HMS for leiar helse og omsorg
- E-læring Grunnkurs i legemiddelhandtering, 1 tilsett

Fagprøve:

Ein arbeidstakar tok fagprøve i Helsefagarbeidarfaget og fekk bestått

Andre ting som har skjedd:

Besøk av elevar frå Dale vidaregåande Skule, dei var her i 2 dagar og var innom dei ulike arbeidsplassane i Helse og Omsorg. Rekruttering av framtidig arbeidskraft/lærlingar.

Administrasjonssjefen sin kommentar:

Som følgje av at det er fullt belegg ved institusjonen, har det vore grunn til å auka opp budsjettet for brukarbetalingane ved tenesta. Dette vil dekke opp mykje av veksten i lønskostnader. Men det høge overtidsforbruket, er derimot ikkje mogleg å dekke.

25420 / 25430 Heimesjukepleie / heimehjelp

Brukarar mai-august 2015:

Tal brukarar har auka i perioden. Ein brukar har avslutta tenestene frå heimetenesta grunna betring. Tal brukarar ein fast besøker varierer i vekedagane, då ein del har tilsyn fleire gongar pr. dag. Det er no ca. 11 brukarar pr vakt heile veka, nokre får fleire besøk pr. vakt. Dette fordeler seg mellom tilsyn, utdeling av medisin, matombringning, til stell og tilrettelegging av måltid. Ein del brukarar har berre dusj/medisinlevering x 1 pr. veke. Andre blodprøvetaking kvar 1.-3. veke. Ein har i perioden også hatt sårstell, der frekvensen varierer frå 5-1 gong pr. veke, og besøk ved behov.

Dei dagane ein har Ytre og Nord Solund er brukarbesøk per dag 2-6 ekstra.

Ytre Solund:

Brukarar i Ytre-Solund besøkes ein dag pr. veke, via bil.

Nord Solund:

Ein nytter båtskyss x 1 annankvar veke. Her har ein om mogeleg samkjørt med andre einingar for besparande løysningar.

Personalet:

Ein ny sjukepleiar starta i juni i 60% vikariat i avdelingsleiar sin permisjon.

Ved sjukmelding eller anna frávær har ein kunne drifta med færre på jobb ved mange høve. Grunna løysningsorientert personale og flytting av arbeidsoppgåver til betre bemanna dagar. Ein har dessutan nytta personale frå sjukeheimen der frávær trong personale. Resten har ein løyst med ekstravakter/forskyving/innleige etc. Men stabgruppa ein kan nytte til dette er liten, m.a. grunna anna personale i AFP, fulltidstillingar og sjukmeldingar, og utsetjast derfor for eit stort arbeidspress som ikkje bør gå over lengre tid.

Frávær:

<i>Månad</i>	<i>Totalt</i>	<i>Spl</i>	<i>Hpl</i>	<i>Ass.</i>
<i>Mai</i>	13,56%	56,14%	43,86%	0
<i>Juni</i>	20,46%	43,26%	56,88%	0
<i>Juli</i>	11,29%	7,03%	92,97%	0
<i>August</i>	18,60%	29,85%	70,15%	0
<i>Gjennomsnitt</i>	15,98	34,07%	65,97%	0

Overtid/meirarbeid:

<i>Månad</i>	<i>Antal</i>	<i>Spl</i>	<i>Hpl</i>	<i>Ass</i>	<i>Antal timer</i>
<i>Mai</i>	4	1	15,25	0	16,25
<i>Juni</i>	5	5	43,5	0	48,5
<i>Juli</i>	1	1,5	0	0	1,5
<i>August</i>	3	0	3,25	0,25	3,5
Totalt 2. tertial	13	7,5	62	0,25	69,75

PU-tenesta:

PU-tenesta vart lagt inn under Heimetenesta sitt ansvarsområde i juli.
Sjå det som er skrive under ansvar 315 om det vidare organiseringsarbeidet.

Administrasjonssjefen sin kommentar:

Omstruktureringar og vakanse ved heimetenesta har gjeve nokre innsparingar. Ser ein den heimebaserte tenesta og institusjonsdrifta under eitt, så kan det sjå ut som om ressursbruken er nokolunde i tråd med budsjettet.

Men det høge overtidsforbruket ved ansvar 370 samla sett (kr. 300'), er derimot ikkje mogleg å dekke inn. Det vert difor tilrådd å styrka ansvar 370 med denne summen.

Forventa samla meirforbruk ved ansvar 370 = kr.300'.

Konvertert PU-tilskot = kr. 875' (jf. ansvar 315)

Oppsummert resultat for helse- og omsorgssjefen sine ansvarsområde:

- *Ansvar 310 – Balanse*
- *Ansvar 312 – Balanse*
- *Ansvar 315 – Forventa meirinntekter = kr. -100'*
 - Forventa meirutgifter = kr. 300' (jf. ansvar 420 – Gjenbruksbutikken)*
 - Konvertert PU-tilskot = kr. -875' (jf. ansvar 370)*
- *Ansvar 360 – Forventa mindreforbruk = kr. 75'*
- *Ansvar 370 – Forventa meirforbruk = kr. 300' (overtid)*
 - Konvertert PU-tilskot = kr. 875' (jf. ansvar 315)*
- *Ansvar 371 – Balanse*
- *Ansvar 372 – Balanse*
- *Ansvar 373 – Balanse*

Administrasjonssjefen vert gjeven fullmakt til å gjere dei siste justeringane i budsjettet, når arbeidet er ferdig med omstruktureringa av PU-tenesta (d.v.s. justere faktisk ressursbruk mellom ansvar 370 og 315).

Ansvar 400, 600, 601 og 620

Plan- og utvikling, Vatn- og avløyp m.m., vaktmeisterteneste, bygg og anlegg m.m.

Overordna merknad til den daglege drifta av eininga:

AKTIVITETSRAPPORT:

Overordna merknad til den daglege drifta av eininga:

Drifta har vore prega av eit høgt aktivitetsnivå.

Arbeidsstokken gjert godt arbeid med å løysa oppgåvene og syte for at måla for eininga sine ansvarsområde og kommunen vert nådd.

Personalsituasjonen: (sjukmeldingar og hms)

Innan landbruk har vi framleis ei mellombels stilling. Her vert det lyst ut ei 50% stilling. Arbeidet med å få avtale om samarbeid med kommunane i HAFS om ei felles landbruksforvaltning var ikkje mogeleg å få til innanfor den økonomiske ramma som kommunestyret hadde vedteke.

Innan vaktmeisterstenesta har ein hatt sjukmelding i 3 kvartal. Dette merkast raskt då tenesta berre har 1,5 vaktmeisterstilling.

Punktvis avvik i planlagt aktivitet:

Kap. 400:

Plansakbehandling.

Her har vorte mindre tal planar under arbeid samstundes. Ressursen har derfor vorte nytta til gjennomføring av prosjekt der denne kompetansen er avgjerande. Frå 2015 vil ein måtte nytte internfaktura for å føre attende inntekt til drift der sakshandsamar utfører prosjektarbeid.

Likevel kan det verte ei overskriding på dette området.

Næring:

Det er vesentlege endringar innan næring frå 2015/2016. Ein har førebels ikkje endeleg oversyn over alle økonomiske utslag.

Kap 600:

Nødnett

Prosjekt i drift:

Innføring av nytt nødnett har vore eit stort prosjekt for Solund kommune. Nødnettet, som vert tatt i bruk i oktober 2015, har kravd mykje innsats for administrasjonen med organisering, opplæring og gjennomføring. Prosjektet vil no gå inn i ein viktig fase

Ein del av aktiviteten i drifta får noko forskyving i tid og vil ikkje belasta budsjettet før i 2. halvår. Det kan vere investeringar som vert noko seinare gjennomført enn planlagt.

ØKONOMISK RAPPORT:

Avvik i høve talmaterialet:

Kap 400:

For kap. 400 er det forventa mindreinntekter på kr. 200',- på tenesta plansakbehandling. Det er noko uvisse knytt til gebyrinntekt grunna endringar i plan- og bygningslova frå 1. juli 2015.

Eit signalisert tilskot på kr. 100' vart overraskande nok ikkje tildelt og som vart tatt med som finansiering av Kystled-prosjektet i år 2014. Dette gjev eit tilsvarande tilbakeført tap i år 2015, Noko av dette kan vonleg dekkast med burk av bundne fond.

Det er ei von om at ein kan nytta tilstrekkeleg medinternfakturering på ressursbruk mot både eigedomsskatt og investeringsprosjektet «Adresseprosjekt» på kr. -300', slik at ein unngår meirforbruk på ansvar 400 ved årsslutt.

Kap 600:

Vedlikehald vassforsyning/produksjon vatn har høgare utgift enn budsjettet. Det har vore naudsynt å skifte ut fleire slitne komponentar i reinse-/pumpeanlegget.

For nødnettet har det vorte meir utgifter enn berekna til gjennomføring av prosjektet. Likevel vonar ein å komme i balanse, men det vil avhenge av at det ikkje vert større utrykningar/aksjonar i 2015.

Årsak til avviket:

Vassforsyningsanlegget har snart nådd forventade levetid. Det er kome til meir feil enn forventade. Nødnnettprosjektet har vortee meir omfattande enn det ein såg føre seg, og det har vorte utsett fleire gonger og gått over lang tid enn planlagt. Det har auka kostnaden.

Korleis korrigere avviket:

Korrigerings mot utjamningsfond. Oppgradere vassforsyningsanlegget.

Kostnaden med nødnnett har ein ikkje endeleg oversikt over og ein må komme attende til den. Dette er styrt av staten og kommunane har liten moglegheit til å korrigere utan å bryta regelverket.

Kap 620:

Det vert forventade balanse ved dette ansvarsområde ved årsslutt.

Konklusjon:

Ein forventar å kome i balanse på kap. 600, 601 og 620.

Administrasjonssjefen si tilråding / kommentarar

<i>Forventade resultat ved ansvar 400</i>	<i>= balanse (føresetnad internfakturering)</i>
<i>Forventade resultat ved ansvar 600</i>	<i>= balanse</i>
<i>Forventade resultat ved ansvar 601</i>	<i>= balanse</i>
<i>Forventade mindreforbruk ved ansvar 620</i>	<i>= balanse</i>

Ansvar 800

Tilleggsøyvingar

Til kommunestyret sin disposisjon:

Ved inngangen til budsjettåret hadde Kommunestyret 2,725 mill. til disposisjon.

Mestedelen av ramma var bunde opp i ulike vedtak/ intensjonsvedtak:

Tilskot Solund Grendahus	= 0,250 mill.
Næringsareal Sponevika / sjøareal	= 0,250 mill.
Fiberprosjekt Hardbakke-Eide	= 1,130 mill.
Fiberprosjekt Ytre Sula	= 0,920 mill.
Rest til fri disposisjon	= 0,175 mill.

I driftsåret er det satt full trøkk på Fiberprosjekta, og auka kostnader er kome til for prosjektet knytt til Ytre Sula. Budsjettet for Sponevika vart redusert med 0,1 mill. (jf. løyving i investeringsbudsjettet).

I utgangspunktet skal desse verta dekkade av auka brukarbetalingar og reduserte dekningsbidrag, slik at nettoutgifta skal vera tilstrekkeleg dekkade med eksisterande løyving.

Det er disponert kr. 50' av denne ramma, til innkjøp av nettbrett til det nye kommunestyret.

Tilleggsøyvinga til Sponevika / sjøareal kan berre nyttast om kommunen ervervar arealet først.

Ny rest til fri disposisjon = kr. 50'

Til formannskapet sin disposisjon:

Ved inngangen til budsjettåret hadde Formannskapet 0,4 mill. til disposisjon.

Desse midlane var «øyremerkte» til visse føremål:

Eigendelar prosjekt	= 0,1 mill.
Fornyng og innovasjon (fullelektronisk arkiv)	= 0,1 mill.
Strategisk utviklingsprosess	= 0,1 mill.
Til fri disposisjon	= 0,1 mill.

I driftsåret vart løyvinga til «fullelektronisk arkiv» omdisponert, medan dei andre løyvingane vert forventa å verta nytta fullt ut.

Ny rest til fri disposisjon er fortsatt = kr.100'

Til ordføraren sin disposisjon:

Ved inngangen til budsjettåret hadde Formannskapet kr. 50' til disposisjon.

Løyvinga er i løpet av driftsåret nytta fullt ut.

Ny rest til fri disposisjon = kr. 0

Til administrasjonssjefen sin disposisjon:

Ved inngangen til budsjettåret hadde administrasjonssjefen 0,35 mill. til disposisjon.

Desse midlane var «øyremerkte» til visse føremål:

Sommarjobbar 15-17 år	= 0,10 mill.
Personaltiltak	= 0,10 mill.
Lærlingar / Trainée	= 0,05 mill.
Arbeidsmiljøtiltak	= 0,10 mill.

Alle desse tiltaka er- eller vert gjennomført i år 2015

Ny rest til fri disposisjon = kr. 0

Mindreforbruk på ansvar 800 pr. 2. tertial = kr. - 150'

Ansvar 899

Pensjonsoppgjer og premieavvik

Etter 2 år med underdekning på samla pensjonskostnader i kommunen, vert det no forventa eit mindre overskot. Dette skuldast at satsen er oppjustert i det lokale lønssystemet.

Dette medfører høgare belastning ved kvar tenesteytande område i kommunen.

Men pensjonsselskapet har tilbakeført overskot til kundane på eit noko høgare nivå enn forventa.

Dette gjev truleg ein reduksjon i netto pensjonsutgifter på kr. -50'.

Årets premieavvik vert også lægre enn forventa, men dette får ingen konsekvens for år 2015, men ein noko mindre årleg inndeckning på amortisert premieavvik dei komande 7 åra enn forventa

Forventa mindretgifter ved ansvar 899 = kr. -50'

Ansvar 900

Andre overordna driftsinntekter- og utgifter

Under denne ramma sorterer:

- Driftstilskot og tenesteytingsavtale Solund Sokneråd
- Sektorovergripande driftstilskot- og refusjonar elles, som t.d. Fylkeskommunalt tilskot til veg Dalesund-Tangen/Leirvika
- Vidareformidla kompensasjonstilskot frå Husbanken til Solund Bustadstifting
- Andre utgifter / inntekter

Alle desse inntekts- og utgiftsområda, vert forventa å slå inn som budsjettert (netto).

Redusert kompensasjonstilskot til tidlegare ombygging av Solundheimen, vert forventa dekkja av reduserte renteutgifter.


Solund Sokneråd har fått tilsett ny dagleg leiar.

Vakansen som har vore i ein periode av dette året, går med til å dekke resten av det akkumulerte underskotet (jf. for lite inndekning i år 2014) og dei auka vedlikehaldskostnadane som vart innmeldt til 1. tertial.

Forventa mindre- eller meirutgifter ved ansvar 900 = Balanse

Utvikling i sjukefråvær / sjukerefusjonar:

Etter ein sterk oppgang i sjukefråværet frå år 2011 til 2012, snudde utviklinga og ved utgangen av år 2014 var sjukefråværet på nivå med utgangen av år 2010.



Den positive utviklinga i år 2015 har halde fram i 1. tertial, men det føreligg ikkje ein nyare statistikk enn den som vart presentert i det tertialet.

Det er verd å merka seg at det skal små svingingar til, for å få store utslag på grafen i ein så liten kommune som Solund. Difor vert ikkje dei kortsiktige svingingane særleg vektlagt frå administrasjonssjefen si side.

Oppsummert framlegg til budsjettjusteringar i drift:

Ansvar	Tekst / Kommentar:	Sum	Auka utgift (+)	Redusert utgift (-)	Auka inntekt (-)	Redusert inntekt (+)
900	Rammetilskot	-15 000			-15 000	
900	Skatt / inntektsutjamning	140 000				140 000
900	Andre statsilskot	25 000				25 000
900	Utbyte	-100 000			-100 000	
900	Renter / avdrag	-300 000			-300 000	
110	Folkehelsekoordinator	-25 000		-25 000		
121	Kulturskule	-25 000		-25 000		
130	Leigeinntekter	50 000				50 000
130	Leigekontrakt Ytre Solund bygdehus	25 000	25 000			
130	Festeavgifter	25 000	25 000			
150	konvertering Flyktningarbeid	200 000	200 000			
300	Sosialkontor	-50 000		-50 000		
315	Dagsenter - kjøp av teneste	300 000	300 000			
315	Konvertert - PU-tilskot	-875 000			-875 000	
315	Auka PU-tilskot	-100 000			-100 000	
360	Vakanse interkommunal barnevern	-25 000		-25 000		
370	Overtid helse- og omsorg	300 000	300 000			
370	Konvertert PU-tilskot	875 000				875 000
420	Konvertert Flyktningarbeid	-200 000		-200 000		
420	Sal tenester Dagsenter	-300 000			-300 000	
420	Auka opningstid Dagsenter	100 000	100 000			
899	Pensjon / premieavvik	-25 000		-25 000		

Ansvar 901 - Investeringar

Det har vore arbeidd aktivt med både gamle- og nye investeringsprosjekt dette året. Og det er kome til nokre særskilde investeringsbehov i driftsåret, som Kommunestyret har handsama i eigne saker. Dette gjeld:

- Kjøp av tomtefeltet i Klubben
- Nettdekning i udekkede område
- Veg Tangenes / Leirvika del 2

I tillegg er det kome til 0,2 mill. i ekstrakostnader knytt til «Rassikring Solund Idrettspark». Dette er eit naudsynt tiltak for å kunna få godkjent og ta i bruk anlegget i det heile. Det er såleis ingen veg utanom.

Det har vore eit mål å unngå auke i låneopptaket knytt til desse sakene, slik at inndekning har skjedd og vil skje via reduksjon av løyvinga til «Ny skule - rehabilitering skulebygg».

Denne løyvinga må uansett finansierast opp vesentleg i ei eiga sak, når arbeidsgruppa legg fram sine konklusjonar for det nye kommunestyret.

I og med at ei ny prosjektstilling er komen på plass, er det satt fokus på gjennomføring av tidlegare vedtekne budsjett. Finansieringa av stillinga vil berre kunna skje som følgje av at kommunen oppnår auka gjennomføringskraft på sine investeringsprosjekt. Prioriterte prosjekt for den nye stillinga er:

- Sanitæranlegg Hersvik
- Nye omsorgsbustader»
- Ny skule vs. Rehabilitering skulebygg
- Avlukke dusjanlegg Idrettsanlegg
- Nytt bustadfelt Klubben
- Bustadfelt Ytrøygrend / Tun+
- Tettstadformingsprosjektet
- Sentrumsutviklinga (inkl. ekspressbåtstopp)

Under følgjer statusrapport for investeringsprosjekta som er vedtekne:

Investering:

2774 Kvalitetsystem – SYS IKT

Prosjektet er gjennomført som forutsatt. Forventa avslutta i balanse løpet av året.

2775 E-handel

Prosjektet er gjennomført som forutsatt. Forventa avslutta i balanse i løpet av året.

2777 Arbeidsmiljøtiltak:

Ergo terapeutisk gjennomgang med påfølgjande innkjøp av kontorstolar er gjennomført. Forventa avslutta i løpet av året.

Bulyst-prosjekt:

Omdøme-, profilerings-, planmateriell.

Gjennomføringa av handlingsplanen knytt til det strategiske utviklingsarbeide, har vore eit prioritert arbeidsområde frå Kommunestyret si side.

Prosjektleiaren har no gått over i ny stilling. Ev. unytta løyving vil verta tilrådd overflytta til år 2016.

2741 Skateboardpark:

Er kome på plass innafor budsjettrammene, og synast allereie å vera dagleg i bruk!

2779 Klatrepark:

Er under planlegging. Jf. skogryddingsprosjekt.

2780 Tettstadforming:

Vert starta opp i desse dagar. Fokus er opprusting av hamneområde.

Det vert vurdert å starte opp ein samla reguleringsplan for hamneområde.

2781 Rehabilitering av 2 nye administrasjonshus

Det er kjøpt inn nye vindauge til eksisterande administrasjonshus.

Kjøken er komen på plass på «gamle bankbygg».

Vindauga vil kome på plass i løpet av driftsåret.

2782 Forprosjekt nytt kommunehus:

Er ikkje starta opp.

Vil verta vurdert å nytta løyvinga i samband med m.a. utgreiingsprosjektet «Ny skule vs. Rehabilitering skule».

2783 IKT-skule:

Innkjøp er gjennomført i tråd med planar og budsjett.

2736 Leikeapparat:

Er gjennomført i tråd med budsjettet.

2784 Avlukke og oppgradering av dusjanlegg

Vaktmeister har saman med skulen sett i gang arbeid med å prosjektere ei løysing og hente inn tilbod. Her står att å gjere tinging hos leverandør.

2723 Ombygging skulekjøken til klasse-/grupperom**2724 Oppussing klasserom 5****2725 Oppstart rehabilitering møte/pauserom kjøken****2785 Rehabilitering skule**

Prosjekta er satt på vent for å sjå kva resultat utgreiingsprosjektet «Ny skule vs. Rehabilitering».

2786 Forprosjekt ny skule vs. rehabilitering

Arbeidsgruppe er nedsett. Denne gruppa vil forsøka utarbeide eit beslutningsgrunnlag for vidare politiske prioriteringar og vedtak. Det er ynskjeleg å få på plass ein tilstandsrapport på eksisterande bygningsmasse før tilrådingar vert presentert.

2787 Utstyr kulturskule

Løyvinga vil verta nytta, etter kvart som utstyret vert påkravd i undervisninga.

Uteområde Solundheimen – Sanseshage

Sjølve Sanseshagen er finansiert ved bruk av gåvemidlar i år 2016.

Tilkomsten mellom omsorgsbustader og institusjon er finansiert ved eiga løyving. Arbeidet vert utført i løpet av driftsåret.

2790 Utstyr Solundheimen

Løyvinga er nytta i tråd med planar.

2140 Ny heis Solundheimen

Arbeidet er slutført og det vil verta utarbeidd ein sluttrapport for dette prosjektet.

2789 El-installasjonar Solundheimen

Arbeidet er ikkje oppstarta. Er under planlegging. Hovudløyvinga er flytta til år 2016.

Det kan vera aktuelt å sjå nettløysingane i samanheng med el-installasjonane.

2791 Nye omsorgsbustader:

Arbeidet er starta opp denne hausten.

Arbeidsgruppa har arbeidd fram eit forslag til løysing som er presentert for eit arkitektfirma.

Arkitektfirmaet har oversendt 6 alternative løysingsforslag.

Det er trong for auka løyvingar til føremålet i år 2017.

2792 Sanitæranlegg Hersvik:

Arbeidet vert gjort i løpet av driftsåret. Kystverket handsamar dispensasjonssøknad. Nabovarsel / orientering er sendt innbyggjarane.

2090 Utvikling Solund Prestegardsmarka

Arbeidet er satt på vent i samband med utvikling av prosjekt «Draumeplassen».

2793 Sponevika næringsareal

Administrasjonen vil ha ei avklaring med Solund Verft AS, som er medeigar i reguleringsplanen, for å kome vidare med utvikling av næringsareal Sponevika.

2795 Geovekst 2015

Det er kjøpt inn plotter/scanner for bruk i arbeidet med kart og geodata.

2796 Adresseprosjektet 2015:

Solund kommune er med i samarbeidet der HAFS-kommunane saman gjennomfører adresseprosjektet. Det er konsulent som utfører arbeidet med kvalitetssikring av arbeidet og styrer framdrifta.

Adresseprosjektet som er samordna med kommunane Gulen, Hyllestad og Askvoll, vert no høgt prioritert framover for å fylgje framdrifta og halde seg innafor fristen 31.12.2016. Adresseringa er planlagt ferdig innan 31/12 2016. Prosjektet vil krevje mykje tid og ressursar framover.

Fullføringa av prosjektet skjer ved skilting og merking og er avhengig av tilstrekkeleg finansiering i år 2016/2017.

2797 Brannsyn 2015

Arbeidet vert samordna med NGIB sine tilsyn i kommunale bygg. Naudutgangar ved kommunehuset er prioritert,.

2798 Sløkkjeutstyr brannvern

Dette er montert på den nye brannbilen. Prosjektet er ferdigstilt.

2799 ENØK

Løyvinga er å sjå på som ei tilleggsøyving. Det har ikkje vore gjennomført særskilde ENØK-tiltak så langt dette året og løyvinga står unytta.

2800 Veglys – utskifting kvikksøvlampar

Arbeidet er i gang. Går som planlagt.

2708 Vassforsyning Ytrøygrend

Ikkje oppstarta.

2801 Oppgradering Hardbakke Vassverk

Er under arbeid. Vert ferdigstilt neste driftsår.

2802 Oppkjørsel kommunehus

Arbeidet er ikkje oppstarta. Det vert starta opp eit planarbeid før nyttår.

2803 Parkeringsplassar Kolgrov

Mellombelse parkeringsplassar er stilt til disposisjon vederlagsfritt av medan den permanente løysinga vert etablert. Det er godkjent frådelling av det grunnareal kommunen skal få attende. Vidare må området opparbeidast. Det er vanskeleg å skaffe entreprenør til arbeidet.

2805 Opprusting vegar på øyane:

Utfordringa med transport av massar, maskiner og utstyr gjer at måtte organiserer arbeidet via plan og utvikling si vedlikehaldsavdeling. Det er tinga naudsynte vegmassar og arbeidet på Buskøy er forventa ferdig hausten 2015. Prosjektet vert deretter vidareført på Saltskår og Færøy så langt løyvinga tillet.

2806 Oppgradering kaiar

Under arbeid. Behov for oppgraderingar er registrert. Tiltak vert gjennomført suksessivt.

2808 Hardbakke hamn- sikringsarbeid

Det er gjort oppgradering/sikring av det elektriske anlegget. Vidare er det under planegging utskifting av ei eldre bryggje og fortøying/sikring av flytebryggjene.

2760/2808 Trafikktryggingstiltak 2014/2015:

Anleggsarbeidet med fortau Brattelia - Hardbakke Barnehage er avslutta. Det står att å leggje fram endeleg sluttrekneskap.

Solund kommune fekk ikkje tilskot til aksjon skuleveg 2015.

2711 Gangveg Hardbakke sentrum / turveg (nettoløyving)

Denne løyvinga er å sjå på som ein eigendel i eit større prosjekt, som kan nyttast dersom prosjektet vert starta opp med eit vesentleg innslag av ekstern finansiering.

2809 Ekspressbåtstopp Hardbakke – regulering

Det vert lagt opp til å køyre ein felles reguleringsplan for hamneområde, med oppstart før nyttår.

2810 Veg Sjøneset

Planleggingsarbeidet er ikkje starta opp.

2811 Veg Skarnagel:

Der er henta inn tilbud og gjort val av entreprenør. Anlegget vert starta opp 1. november 2015.

Byggjstart november 2015 med omlag eit år byggjetid.

2697/2812 Veg Dalesund –Tangen/Leirvika:

Anleggsarbeidet på fyrste byggjesteg er ferdig september 2015. Det vert inngått ny kontrakt for å føra vegen fram til hamna og garden på Tangenes. Budsjettjustering knytt til forlenginga av vegen (del 2), vert gjennomført i tråd med føresetnadane i kommunestyrevedtak.

2813/2814 Bustadfelt Hardbakke

Kommunestyret har gjort avtale om kjøp av det regulerte området Klubben. Arbeidet med reguleringsendring er sett i gang. Sjå avsnitt under «Nytt prosjekt – Bustadfelt Klubben».

I finansieringa inngår det at utbygging av dei 4 nye tomtene i Storehaugen vert utsett.

Løyvinga til dette føremålet i år 2015 (kr. 1.063.833), vert tilrådd overflytta til «Bustadfelt Klubben»

Nytt prosjekt - Bustadfelt Klubben

Kommunestyret har vedteke kjøp av tomtearealet, og at hyttefeltet skal omregulerast til bustadfelt.

Det er i vedtaket sagt at det er trong for å sette av kr. 300' til omreguleringsarbeidet allereie i år 2015.

(jf. eige kommunestyrevedtak). Sjølv kjøpet av feltet og vidare utbygging, kjem ein tilbake til i budsjett og økonomiplanarbeidet.

2772 / 2709 Rassikring / Kunstgras idrettsbane

Rassikring av idrettsbana er under arbeid. For å sikre eit område som ligg høgare må det nyttast manuelt arbeid med klatrelag. For å kunne tinge dette arbeidet må ein ha tilleggsløyving.

Meirkostnaden er berekna til kr. 210' .

Når dette arbeidet er ferdig, vil ein kunna starte opp med å få ferdiggjort Idrettsanlegget i tråd med planane som føreligg. Finansieringa skal vera på plass; - sjølv om Tippemidlane først vil verta løyvd og utbetalt i år 2019, iflg, Fylkeskommunen.

Idrettslaget arbeider for å finna løysingar for å forskottera desse Tippemidlane.

2816 Rassikring Kverhella

Under planlegging. Ikkje oppstarta.

Nytt prosjekt - Nettdekning stader utan dekning

Kommunestyret har løyvd 0,5 mill. til føremålet.

Prosjektet er under planlegging.

Skogrydding barnehage / skule

Naboar tek stadig kontakt og er uroa overfor at dei store trea skal falle ned på bustadhusa og gjere stor skade. Dette er ein reell fare m.a. grunna meir ekstremvær.

Solund kommune har satt av midlar til dette arbeide i år 2016, men det let seg gjere å setje i gang førebuingsarbeidet allereie i år 2015.

Det vil verta vurdert om det let seg gjere å kombinere prosjektet Skogrydding, med prosjekt Klatrepark.

Oppsummert framlegg til budsjettjusteringar i investering

Det er berre ei endring som lyt gjerast utanom dei som allereie er fanga opp i egne kommunestyrevedtak:

Ansvar	Tekst / Kommentar:	Sum	Auka utgift (+)	Redusert utgift (-)	Auka inntekt (-)	Redusert inntekt (+)
901	Rasssikring	210 000	210 000			
901	Rehabilitering av skulebygg	-210 000		-210 000		

Avslutning:

I tertialrapporten går det fram at løyvingane i drifta er knappe, men at det likevel er von om at ein skal klare å få balanse i drifta ved årsslutt.

Dette krev ei stram drift ut året og at nokre definerte føresetnader vert oppfylt.

Dersom føresetnadane ikkje vert oppfylt, og det går mot ubalanse i drifta, så vil budsjetterte avsetnader til disposisjonsfond og investeringsføremål verta strokne før sluttstrek vert sett.

Grunna den store satsinga på fiberutbygginga, og sidan denne må finansierast over drifta, herunder ekstraløyvingar dette året så er det ikkje lenger så mykje reservar å hente på disposisjonsfond.

Dette gjev ei ekstra utfordring til dei driftsansvarlege på å halde den daglege drifta i balanse.

Det føregår seg mykje positivt arbeid med å gjennomføra vedtekne investeringsprosjekt. Mykje står att å få på plass, men med den ekstra satsinga på ressursar til føremålet, har ein von om at det over nokre år, skal vera mogleg å koma meir ajour enn i dag.

Det er gjort eit svært godt arbeid ved dei ulike einingane, og det skjer mykje positivt og utviklingsorientert arbeid samla sett. Dette vil kunna gje gode effektar på samfunnsutviklinga i åra som kjem, og vonleg på folketalsutviklinga. Dette vil igjen skape auka frie inntekter til kommunen, men diverre ikkje før året etter trenden er snudd.

Hardbakke, den 12. oktober 2015

Revidert Budsjett 2015, Økonomiplan 2016-2019

Balanse		0	0	-5	0	429	564	664	664	
Skjema 1 A - Drift		R - 14	OB - 15	RB1 - 15	RB2 - 2015	ØP-16	ØP-17	ØP-18	ØP-19	Kommentarer
	Innbyggjartilskot (ca. 22.000* pr. innb.)	-18 915 000	-17 917	-17 917		-18 111	-18 103	-18 095	-18 087	
	Ugiftsutjamning	-14 059 000	-14 627	-14 627		-14 856	-14 852	-14 849	-14 846	
	Overgangsordningar (INGAR)	-799 000	-373	-373		-373	-373	-373	-373	
	Særskilte fordelingar	-200 000	-195	-195		-214	-214	-214	-214	
18000	Småkommunetilskot	-5 316 000	-5 475	-5 475		-5 475	-5 475	-5 475	-5 475	
	Fylkesmannen sitt skjønstilskot	-2 800 000	-2 800	-2 800		-2 800	-2 800	-2 800	-2 800	
	Ekstra skjøn - revidert inntektssystem	-100 000	-100	-100		-100	-100	-100	-100	
	Endring saldert statsbudsjett (des og okt)	39 000	63	63		-34	-34	-34	-34	
	Justering RNB 2015 (juni)			-134	-16	-10	-10	-10	-10	
	Justering SB-2016				1	401	449	449	449	
	Salderingspost - tusenavrunding		45	1						
	Sum rammetilskot	-42 150 000	-41 442	-41 557	-15	-41 572	-41 512	-41 501	-41 490	
18000	Inntektstusjammning	-999 080	-1 422	-1 337	234	168	168	168	168	
	Justering SB-2016					-1 340	-1 340	-1 340	-1 340	
18700	Skatt på inntekt og formue	-18 380 881	-19 036	-18 413		-18 417	-18 417	-18 417	-18 417	
	Endring lokalt skatteanslag (frå 89% til 97% av landsgj.snøtt)			-150		-150	-150	-150	-150	
	Justering skatt / inntektstusjammning - RNB 2016				91	68	70	164	161	
	Justering SB-2016				-184	-1 712	-1 701	-1 789	-1 778	
	Salderingspost - tusenavrunding			7	-1	5	32	15	-4	
	Sum skatt og inntektstusjammning	-19 379 961	-20 458	-19 893	140	-21 378	-21 338	-21 349	-21 360	
###	Prosjektskjøn / e.o. skjønsmidlar (FM)		-300	-50						
	Ekstra skjønsmidlar (jf. avsetnad)	-1 450 000	-1 250	0		-1 000	-750	-500	-250	
	Reduserte skjønsmidlar frå FM									
	Sum rammetilskot, skatt, inntektstusjammning	-62 979 961	-63 450	-61 500	125	-63 950	-63 600	-63 350	-63 100	
	Grunnskuleform 1997	-45 761	-50	-50		-50	-50	-42	-42	
	Rentekompensasjon Sokneråd	-9 804	-11	-11		-19	-27	-35	-35	
18101	Rentekompensasjon skulebygg	-105 601	-109	-109		-145	-165	-167	-167	
	Rente- og avdragskomp. Solundheimen	-621 092	-630	-630		-637	-683	-672	-672	
	Reduksjon marknadsrente				25					
	Konsesjonsinntekter oppdrett									
	Bustadtilskot ført på ansvar 310	0	-100	-100		-100	-100	-100	-100	
	Sum andre generelle statsilskot	-782 258	-900	-900	25	-950	-1 025	-1 016	-1 016	
18750	Eigedomsskatt									
18600	Flyktningetilskot - jf. avsetnad	-1 422 342	-1 470	-1 620		-1 645	-1 645	-1 645	-1 645	
	SB-2016 Auka flyktningstilskot?					-2 450	-3 675	-3 990	-3 669	

Revidert Budsjett 2015, Økonomiplan 2016-2019

Skjema 1 A - Drift	R - 14	OB - 15	RB1 - 15	RB2 - 2015	ØP-16	ØP-17	ØP-18	ØP-19	Kommentarer
Sum frie disponible inntekter	-65 184 561	-65 820	-64 020	150	-66 995	-69 945	-70 001	-69 430	
19000 Renteinntekter	-481 744	-375	-375		-400	-450	-494	-494	
Renteinntekter ført på ansvar 400	-67 947	-20	-20		-20	-20	-20	-20	
### Utbyte	-576 414	-550	-300		-100	-150	-200	-250	
Auka utbyte				-100					
15000 Renteutgifter m.m.	1 669 845	1 791	1 791		1 948	2 258	2 459	2 331	
15100 Avdrag på lån	2 889 413	3 375	3 325		3 815	4 220	4 409	4 423	
Reduksjon renteutgifter og avdrag				-300					
Salderte netto finansutgifter mot RB1					7	3	-8	-15	Jf. K.sak 047/14
Justering netto finansutgifter									
Netto finansutgifter/inntekter	3 433 153	4 221	4 421	-400	5 250	5 861	6 145	5 975	
Til fordeling drift - før avsetnader	-61 751 408	-61 599	-59 599	-250	-63 745	-64 084	-63 856	-63 455	
15300 Til dekning tidl. års meirforbruk									
15400 Til disposisjonsfond	1 262 626	1 250			1 000	750	500	250	
Avsetnad tilskot Dalesund - Tangenes/Leivika		90	90		180	180	180	180	
Avsetnad netto flyktringetilskot					525	800	1 075	775	
Konsesjonsinntekter oppdrett									
Tilbakeføring disp.fond Fiber Hardbakke-Eide						1 150			
Tilbakeføring disp.fond Fiber Ytre Sula						900			
15500 Til bundne fond	1 404 602	400	400						
19300 Bruk av tidl. års mindreforbruk									
19400 Bruk disp.fond	-689 037		-215		-500	-1 500	-800	-725	
Bruk av disp.fond Fiber Hardbakke-Eide (1/2 part)	-1 150 176	-1 466							
Bruk av disp.fond Fiber Ytre Sula (Kolgrov m.m.)		-900	-900			-300		300	
Bruk av disp.fond Breidband Ytre Sula (Ytrøygrend)		-400	-400			-275		275	
19500 Bruk av bundne avsetnader	-3 102 320								
Netto avsetnader	-2 274 305	-1 026	-1 025	0	1 205	1 705	955	1 055	
Netto avdrag på utlån	0	20	20		20	20	20	20	
Til Eigenkapitalinnskott KLP	0	180	180		180	180	180	180	
Andre føremål	232 000	0	0		0	24	1 120	1 120	
Ny finansiering etter strokne overføringer i år 2014			75		275				
Sum overført til investering	232 000	200	275	0	475	224	1 320	1 320	Tetisdaforming 75 / Adressprosjekt 275
TIL FORDELING DRIFT	-63 793 713	-62 425	-60 350	-250	-62 065	-62 155	-61 581	-61 081	
Rekneskapsmessig resultat	0	0	0	0	0	0	0	0	
Fordelt til drift	60 920 834	62 305	60 225	250	62 375	62 599	62 124	61 624	

Revidert Budsjett 2015, Økonomiplan 2016-2019

Skjema 1 A - Drift	R - 14	OB - 15	RB1 - 15	RB2 - 2015	ØP-16	ØP-17	ØP-18	ØP-19	Kommentarer
Rekneskapsmessige justeringar	2 872 879	120	120	0	120	120	120	120	
Balanse	0	-0	-5	0	429	564	664	664	
Skjema 1B - drift									
100 Administrasjon, politikk, fellesutgifter m.m.	10 543 657	10 775	10 775	0	10 350	10 325	10 275	10 225	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme		-78							
Ekstraavgifter valår	100				-100	50	-50	-50	
Redusert netto lønskostnad					-50	-75			
Rasjonaliseringseffekt E-handel		-50			-50				
Abonnement E-handel / ressursstyring			25						
Oppheyr fullelektronisk arkiv					-300				
Overlapping ordførarløn	100				-100				
Kompensasjon løns- og prisvekst	301				246				
Inntektsvekst	-79				-71				
Reduksjon lønsvekstpå driftsramma			-25						
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding	6		6		-1				
110 Folkehelsekoordinator	0	0	100	-25	100	100	100	100	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme									
Konvertert frå ansvar 310			100						Nettokostnad
Redusert netto lønskostnad					25				
Kompensasjon løns- og prisvekst	0			-25	0				
Inntektsvekst	0				0				
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding									
120 Rådgjevar skuleadm. m.m.	558 641	450	500	0	925	925	925	925	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme		-8							
Tilbakelært vakanse PPT		75							
Norskopplæring eigne tilsette		25							
Flyktingetilskot - grunnstønad frå 180 'til 560'		-380							
Flyktningar - rest overf. frå div. - sein ankomst				0	0				
Flyktningar - frå ansvar 210				0	0				
Flyktningar - frå ansvar 271				0	0				
Flyktningar - frå ansvar 400				0	0				
Flyktningar - auka opplæring norsk/samfunnsfag								450	
Skuleskiss			50						
Kompensasjon løns- og prisvekst	17				14				
Inntektsvekst	-43				-39				
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding		-10							

Revidert Budsjett 2015, Økonomiplan 2016-2019

Skjema 1 A - Drift	R - 14	OB - 15	RB1 - 15	RB2 - 2015	ØP-16	ØP-17	ØP-18	ØP-19	Kommentarar
121 Solund kulturskule	112 698	375	375	-25	375	375	375	375	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme									
Konvertert løyving frå ansvar 800	150								
konvertert frå ansvar 420	75								
Redusert nettoutgifter år 2015				-25	25				
Kompensasjon løns- og prisvekt	13				11				
Inntektsvekt	0				0				
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding	12				-11				
130 Rådgjevar samferdsle, plan m.m.	280 790	200	250	100	25	-150	-325	-325	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme									
Flyktingar - husleigeinntekter trinn 1	0								
Flyktingar - husleigeinntekter trinn 2					-156				
Flyktingar - husleigeinntekter trinn 3						-163			
Reduksjon ordinære leigeinntekter			50						
Reduserte leigeinntekter				50	-50				
Auka kostnader festeavgifter				25	-25				
Leigekontrakt Ytre Solund Bygdehus				25	-25				
Kompensasjon løns- og prisvekt	0				0				
Inntektsvekt	-15				-13				
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding		-10			-5	-13	-6		
150 Flyktningekonsulent	0	0	0	200	1 450	1 800	2 100	1 650	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme									
Frå ansvar 420				200	400				
Flyktingar - Introduksjonsstønad - frå ansvar 300					850	350	300	-450	
Kompensasjon løns- og prisvekt	0				0				
Inntektsvekt	0				0				
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding									
210 Solund barne- og ungdomsskule	10 352 620	10 925	10 900	0	11 175	11 200	11 200	11 200	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme									
Reduserte utgifter - langtidseffekt ein skule		-78							
Auka SFO-tilbod - frå Tillegsløyvingar		70							
Oppheyr øyremerkt tilskot leirskuleoppheald		25							
Oppheyr vakansar / sjukerefusjonar		200							
Reduserte kostnader ressurskrevjande brukar		-200							
Valfag - 10.trinn		25							
Auke 1 t/v Naturfag					10	15			

Revidert Budsjett 2015, Økonomiplan 2016-2019

Skjema 1 A - Drift	R - 14	OB - 15	RB1 - 15	RB2 - 2015	ØP-16	ØP-17	ØP-18	ØP-19	Kommentarer
Flyktingar -ekstra ressursbehov (leing/adm m.m.)		150							
Til ansvar 120				0	0				
Kompensasjon løns- og prisvekst		337			276				
Inntektsvekst		-19			-17				
Lønsvekstreduksjon på driftsramma			-25						
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding		10			6	10			
211 Ytre Solund skule (går ut)	58 166	0	0	0	0	0	0	0	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme		-18							
Korrigerte trekk		18							
Reduserte utgifter		-50							
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding									
271 Solund barnehage	4 445 160	4 050	4 050	0	4 325	4 325	4 325	4 325	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme		-37							
Justering mot K-sak 008/14		80							
Oppheyr bruk av disp.fond "sommarmopen barnehage"		50							
Maxpris barnehage		-25							
Reduserte lønsutgifter		-400							
Prosjektarbeid		250			-250				
Tilskot prosjektarbeid		-125			125				
SB-2016 Auka fleksibilitet					60				
Flyktingar - auka ressurs		150			250				
Til ansvar 120				0	0				
Kompensasjon løns- og prisvekst		149			122				
Inntektsvekst		-24			-21				
Lønsvekstreduksjon på driftsramma			-25						
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding		12			-11				
300 NAV Solund	646 523	675	625	-50	700	700	700	700	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme									
Justerte utgifter		-25	-50		50				
Ruskonsulent		75							
Rustiltak overført til øymerkt tilskot		-75							
Tilskot til overgrepssenter overført til ansvar 310		-75							
Flyktingar - Introduksjonsstønad					850	350	300	-450	
Flyktingar - Introduksjonsstønad					-850	-350	-300	450	
Reduksjon bidrag/lån - til ansvar 121				-50	50				
Kompensasjon løns- og prisvekst		28			28				
Inntektsvekst		-3			-2				

Revidert Budsjett 2015, Økonomiplan 2016-2019

Skjema 1 A - Drift	R - 14	OB - 15	RB1 - 15	RB2 - 2015	ØP-16	ØP-17	ØP-18	ØP-19	Kommentarer
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding					-1				
310 Helseteneste m.m.	3 321 815	3 150	3 275	0	3 600	3 600	3 600	3 600	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme		-31							
Int.komm. Læklarvaksentral		25			0				
Konvertert tilskot til overgrepssenter - frå ansvar 300		75							
Reduserte kostnader folkehelsekoordinator		50							
Auka lønnskostnader			125						
Etablering KAD-teneste (tidl. ØHD)					516				
Øyremøring / rammefinansiering?					-516				
SB 2016 - kr. 257' til finansiering av KAD (=ØHD)					257				
Kompensasjon løns- og prisvekst		99			81				
Inntektsvekst		-28			-25				
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding		10			12				
312 Helsestasjonsteneste	396 888	425	500	0	625	625	625	625	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme		-2							
Helsestasjonstenesta - auka statleg satsing		50							
SB-2016 Ytterlegare satsing					30				
K-styrevedtak 058/13 - Statleg prioritering iflg. RNB		100							
Endra periodisert årsverknad		-25							
Reduserte utgifter		-125							
Justering mot ansvar 370 - psykiatri			75						
Flyktingar - auka ressurs		50			75				
Kompensasjon løns- og prisvekst		11			9				
Inntektsvekst		-1			-0				
Flat reduksjon på driftsrammene									
Tusenavrunding		-8			12				
315 Leiar PU-tenesta	815 557	375	375	-675	-250	-250	-250	-250	
Gjeldande ØP-vedtak -2,5% pr. ramme		-10							
Effekt reduksjon tal brukarar		-375							
Justering ramme		-75							
Auka tenestetilbod					225				
Kjøp av tenester Dagsenter			300		-300				
Konvertert PU-tilskot frå ansvar 370			-875						
